



MØTEPROTOKOLL

Utval: Eldrerådet
Møtedato: 18.11.2016
Møtetid: 12:00 - 13.30
Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, ingen varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:

Andre som var til stades på møtet:

Grete Lill Hjartnes deler av møtet

Møteleiar:	Solveig Vassenden
Møtesekretær:	Håvard Ragnhildstveit

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	Den kulturelle sparerstokken
Spørsmål/interpellasjonar:	
Dokument utlevert i møtet:	

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 14.02.2019

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/16	16/995	Faste saker	
004/16	16/759	Uttale frå eldrerådet til rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2017 - 2020	

SAKNR. 003/16
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

18.11.2016 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

Det er ønskeleg med fastlagde møtedatoar fram i tid.

ELD-003/16 VEDTAK:

LEIAR OG SEKRETÆR FINN MØTEDATO NÅR POLITISK MØTEPLAN FOR VÅR 2017 ER FERDIG.

SAKNR. 004/16

**UTTALE FRÅ ELDRERÅDET TIL RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL
ØKONOMIPLAN 2017 - 2020**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt utan tilråding.

18.11.2016 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

ELD-004/16 VEDTAK:

Førstehjelpsbil. Eldrerådet ønskjer å behalda førstehjelpsbilen.

Legevakt. Me veit ikkje om det fungerer optimalt no, men er ikkje sikker på at andre alternativ vil bli betre. Det vil ikkje vera økonomisk mogleg å ta tilbake til Samnanger. Det er viktig at alternativ legevakt vert rett veg med tanke på Bergen.

Elles forklarte Grete Lill Hjartnes om vakant stilling på natt og om multidose.

Beredskapsplan. Kommunen sin beredskapsplan må gjerne gjerast betre kjent blant frivillige organisasjonar, som bl.a. Samnanger Raude kors. Kommunen skal i gang med omfattande ROS- analysar i tida som kjem.

Trivsel og arbeidsmiljø. Forslag om å leiga inn eksterne personar, som t.d. Tor Engevik.

Frivillighetssentral. Diakonemnda har starta opp Godleikssentralen. Dette er eit positivt tiltak. Me kan ikkje sjå for oss at kommunen kan finansiera dagleg leiar i ein frivillighetssentral pr i dag.

Den kulturelle spaserstokken. Den kulturelle spaserstokken er delt i 3 delar.

1) ”Syng med oss” med musikkpedagog Anne-Lise Nesteby Tøsse

2) Kultur på institusjon, 2 hendingar pr halvår (4 hendingar i året)

3) Kultur for heimebuande, 1 hending pr halvår (2 hendingar i året)

Tildelinga på kr 35 000 er fordelt på tiltak 2) og 3), totalt 6 hendingar som tilseier kr 5 833 pr hending.

Ut frå tidligare dialog med Eldrerådet om fordeling av midlar ser kulturkontoret det positivt om Eldrerådet disponerer midlane som er sett av til tiltak 3) på kr 11 666. Føresetnaden er at det vert tilskipa éin hending pr halvår, og at hendinga er open for alle 70 år+.

Del 1 vert finansiert av kultureininga.

